

Kviteliste for digitale læremiddel

Digitale læremiddel er også læremiddel, og må kome på baa språk til same tid og same pris. Ifølgje opplæringslova har skuleeigar ansvaret for å oppfylle elevane sine rettar. Nynorskelevane ser mindre av språket sitt rundt seg enn bokmåselevane gjer. Det er difor ekstra viktig at dei får sjå og lesa mest mogeleg nynorsk i opplæringa. Her er eit oversyn over digitale læremiddel som finst på nynorsk.

NORSK

CD Ord

Lese- og skriveverktøy for elevar med dysleksi – og alle andre som jobbar med tekst. CD-ORD gjev hjelp i form av opplesing av all tekst.

Lingit stl+

Bokstavopplesing for elevar som skal lære seg å lese og skrive. 6 ulike stemmer i bokstavopplesinga.

På sporet ABC

Passar for elevar som er i ferd med å lære seg å lese på nynorsk. På sporet er utvikla for å fremje bokstavkunnskap, fonemisk medvit, lese- og staveferdigheit. Når eleven trykker på ein bokstav eller eit bilete, får ho/han høyre bokstavlyden eller namnet på biletet/objektet. Appen er utvikla av Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Lesesenteret) ved Universitetet i Stavanger, i samarbeid med NettOpp UiS.

Bokstavkongen

Utviklar: Bokstavkongen

Ei rekkje appar for byrjaropplæring: bokstavkongen, Finn bokstaven, Sorter-lydar, Bokstavar i biletet, Bokstavar i rutenett, Stave småord, Pusle småord, Småord, Rom og omgrep, Match – setningar.

ØveLøve

Trenar skrift-lyd-bilete gjennom å kombinera dei tre elementa i spanande oppgåver. Geir Larsen fekk nynorsksstipend av Noregs Mållag i 2016, og har fleire appar i AppStore som er fine å bruke i opplæringa.

OrdSnap

For 1–4 spelarar som trenar skrift-lyd-bilete i ein spanande kappestrid. Kven er raskast til å kjenna att ordet, lyden eller biletet. Opp til fire elevar kan vera sysselsette med nyttig trening kring eit nettbrett.

Lesemeister

Gjev skuleelevar tilgang til hundretals av e-bøker frå dei norske forlaga. Dei kan dele med lesevenner, få lesepoeng, lese med eller utan lyd, ta opp og høyre si eiga lesestemme, og få automatisk leselogg. Gøy og motiverande lesing.

Mine ordbilder

Øvingar med dei 500 mest brukte orda i norske avistekstar, i tillegg til øvingar med ord som inneheld 1–6, 7–10 og 11–15 bokstavar. Øving for å auke lesehastigheit.

Bokbussen

GAN Aschehoug sitt vesle lesebibliotek med 120 nyskrivne, norskutvikla småbøker laga for leseglede og leseopplæring.

MATEMATIKK

Kikora

Matteverktøy for både grunnskule og vidaregåande skule. I tillegg kan du vere med på mattemaraton.

Multi Smart Øving

Øvingsverktøy for matte. Smart Øving er ei personleg læringsoppleving bygd på teknologi for adaptiv læring og læringsanalyse. Læremiddelet bygger på matteverket til Gyldendal, Multi, og er utvikla i samarbeid med Knewton, ein av dei leiande på feltet.

Geogebra

Eit dynamisk geometriprogram.

Tella

Matematikk gjennom lek med tal og morosame figurar, utvikla av pedagogar. Om du står fast, får du hjelp av den glade fuglen Tella. Egga hennar inneheld eit sett med aktivitetar. Tella er for born frå 5–8 år, men passar også for eldre og yngre.

Dragonbox

Utviklar: WeWantToKnow AS

Matteverktøy utvikla for bruk i skulen. Spelbasert.

ENGELSK

GloseDuell

Trenar dei 500 mest brukte engelske orda. Elevane kan spela mot kvarandre, eller mot appen. Ein kan velja å omsetja norsk–engelsk, engelsk–norsk eller kjenna att engelske ord.

KODING

Code.org

Kodelæringsprogram med ei rekkje ulike kurs på ulike nivå, her finn du òg Kodetimen.

Scratch

Programmeringssamfunn for kreativ læring.

Kodeklubben

Kodeklubben er eit fritidstilbod der born og ungdommar leikar og lærer med programmering.

ANDRE LÆREMIDDEL

Moava

Gratis ressursamling for skule og barnehage

OKTOBER 2019

Tips?

Har du tips til gode digitale læremiddel på nynorsk? Send dei til nm@nm.no, så oppdaterer me lista.

 **Oppdater!**

– ein kampanje for digitale
læremiddel på nynorsk